



Skulekameratene i Myrane barnehage samla på trappa til skulemuseet.

Årleg gjestar skulekameratane i Myrane barnehage på Husnes Haugland gamle skule. Det har vore eit fast innslag i over 10 år. Skulekameratane er dei av borna som skal byrja på skulen i august. Heile dagen roar dei sg på plassen, ute og inne.

Haugland gamle skule er skulemuseum for Kvinnherad. Her kan du gjera deg kjend med den fådelte krinsskulen, slik det var i dei fleste bygdene i Kvinnherad. Det var ei stor omfattande reform i landet då krinsar med meir enn 30 born vart pålagd å ha fast skule. Landsskuleloven frå 1860 førte til at det totalt vart bygd over 4600 skulehus i landet.

Haugland krins fekk sin faste skule i 1893. Før den tid var det omgangsskule. Skulen på Haugland var i bruk fram til nyeskulen kom nede i bygd i 1966. I eit vakkert landskap med elva tett på kan det vera ei oppleving å vera ein dag på gamleskulen, særleg om ein førebur leiken ute og lærdomen inne.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Bodil Fjeldstad Stoknes



Her er det snakk om å finna pulten sin med songbok, Bibelsoga og salmebok.